

Fornorskingsforkjemparen skyt villt igjen

Under tittelen "Svein Lunds sin fornorskningsfortelling er fortsatt feil" skyt Finnmarks fremste fornorskingsforsvarar Jarl Hellesvik igjen villt for å hindre ei oppretting etter hundre år med fornorsking av samar og kvenar. Bodskapen hans er som alltid at fornorskinga var bra og naturlig og at ingen samar har blitt undertrykt av den norske staten. Metoden hans er også den same som han har brukt i fleire tiår, med ubehøvla åtak på alle som er usamde med hans syn og komplette forståing.

Denne gongen er det eg som får unngjelde, men eg er i svært godt selskap. Tilsvarende behandling har han gitt noverande og tidligare samiske leiarar, forskarar på samisk historie, osv. osv. I desse åtake har han ofte nytta metoden med å "ta mannen i staden for ballen", med personlige åtak langt utover det som ein kvar folkeskikk og presseskikk tillet. Denne gongen er det bakgrunnen min frå Telemark som blir brukt til å gjøre meg ukvalifisert til å uttale meg om samiske spørsmål. Eg har budd i Finnmark i meir enn 50 år, men dei 21 første åra på Austlandet har i følge Hellesvik og nokre andre debattantar (som Odd Mathis Hætta nylig), tydeligvis gjort meg diskvalifisert for livet.

Det viktigaste eg har skrive om samiske skolespørsmål er at eg var hovudredaktør for bokserien om Samisk skolehistorie, ein serie som Hellesvik og hans kampfeller aldri har brydd seg om å lese eller kommentere. Denne var redigert av ein redaksjon på fire, og det var full semje om framstilling og konklusjonar. Dei tre andre redaktørane er oppvaksne i Finnmark, dels i reint samiske, dels i blanda familiar. Dei er derfor vanskeligare å gå til åtak på, så da er det fint å kunne finne ein som har begått den utilgivelige synd å ha vore søring ein gong.

Ein annan metode som er brukt her, og som eg tidligare gjentatte gongar har påvist, er at Hellesvik lagar si eiga forvrenging av mitt syn, for så å gå laus med storslegge på sitt eiga forvrengte bilde. Eg har ALDRI sagt noko i likheit med dette: *"årsaken til at det samiske språket forsvant i store deler av Troms og Finnmark ene og alene er fordi at det ble bygget skoleinternater og at der ble samebarna hundset slik at de sluttet å snakke samisk."* Dette er Hellesviks eiga forvrenging, som han ikkje kan dokumentere med noko sitat frå noko av det eg har skrive. Men denne forvrenginga er heile grunnlaget for påstanden hans om historieforfalsking.

Hellesvik hevdar at eg har "prediket" dette budskapet i minst 40 år og at eg no "innrømmer" at andre sider ved samfunnsutviklinga også har spela ei rolle ved sida av den bevisste fornorskingspolitikken, skulle bety at eg no har innsett at eg ikkje kan halde fram med historieforfalskinga. Uansett kva eg seier så blir det altså galt. Dette er ein logikk på linje med klassikaren: "— Har du slutta å slå kona di, svar ja eller nei".

I Samisk skolehistorie samla vi historier frå tidligare elevar, lærarar og foreldre, bl.a. om dei direkte og indirekte verknadane av at samiske elevar over fleire generasjonar fikk all undervisning på norsk. Forteljingar som går igjen i forskjellige variantar er dei som fortel at dei lei så vondt i eiga skoletid med å ikkje forstå skolespråket, at dei bestemte seg for å snakke skolespråket til barna. Nokre fortel og at lærarar kom heim til dei gjenstridige foreldra som snakka samisk til barna og ba dei om å skifte til norsk. Det er dette eg har kalla "frivillig tvang". Formelt var det ingen som tvang dei, og det har vi heller ikkje påstått.

Eg deltar gjerne i ein debatt om årsakar til fornorsking og språkskifte, men ikkje på eit slikt grunnlag.

Svein Lund
telemarking i Sápmi

Innlegg av Jarl Hellesvik i Ságat 11.02.2025

Svein Lunds sin fornorskningsfortelling er fortsatt feil

I minst 40 år har Svein Lund prediket at årsaken til at det samiske språket forsvant i store deler av Troms og Finnmark ene og alene er fordi at det ble bygget skoleinternater og at der ble samebarna hundset slik at de sluttet å snakke samisk. Den fortellingen er reinhekla historieforfalskning.

Jarl Hellesvik

Hammerfest

Publisert: 11.02.2025 kl 10:29

Denne historieforfalskningen har Lund nå skjønt at han ikke kan fortsette med. Derfor skriver han i Ságat den 10.2.25 at *«Det er klart at både modernisering, innflytting av nordmenn i samiske områder, sentralisering og blanda ekteskap var faktorer som styrka språkskiftet. Men vi kommer ikke bort fra at språkskiftet var en ønska politikk fra myndighetene og at det blei brukt undertrykkende og diskriminerende midler for å gjennomføre dette.»*

Det som Lund unnlater å fortelle er at frem til 1860 var skoleåret på 2 til 4 uker og at skoleundervisningen foregikk som omgangsskole i hjemmene til foreldrene til barna, herunder også his samisktalende familier. I 1860 ble skoleåret forlenget til 12 uker. Da ble skoler og skoleinternater bygget. Skoleåret var på 12 uker til etter 1945. De som var på skoleinternat var der i 2–3 uker og 2–3 uker hjemme. Dette betyr at i 40 uker av året var barna hjemme. Det sier seg selv at det samiske språket ikke ville forsvinne pga. dette, om foreldre, besteforeldre og omgangskretsen ellers snakket samisk til barna når de var hjemme.

I motsetning til Lund mener jeg at det er blitt og blir lagt altfor stor vekt på fornorskningspolitikken/skolepolitikken som forklaring til at det samiske språket har forsvunnet i mesteparten av Troms og Finnmark og i det øvrige Norge.

Summen av språkpåvirkningene fra de norsktalende som de samisktalende til daglig omgikk og omgås med, det stadig økende antallet blandingsekteskaper og moderniseringen i Norge, særlig etter 1945 og behovet for å mestre majoritetsspråket, betydde nok adskillig mer.

Når Lund skriver at *«Men vi kommer ikke bort fra at språkskiftet var en ønska politikk fra myndighetene og at det blei brukt undertrykkende og diskriminerende midler for å gjennomføre dette.»*, så vil det hos den uinnvidde bli forstått slik at samisktalende foreldre og besteforeldre sluttet å lære sine barn og barnebarn å snakke samisk pga. at de ble presset til å gjøre det. Men det har aldri vært forbudt i Norge å lære barn å snakke samisk. I den ovenfor siterte setningen ligger det også en klar antydning om at disse foreldrene og besteforeldrene var noen stakkarer som lot seg hundse av myndighetene til å la være å snakke samisk til sine barn og barnebarn. Slikt er skammelig.

Jeg vokste opp i Loppa kommune på 1950–1960 tallet. Da jeg vokste opp der, var det ikke så reint få som hadde samisk som sitt førstespråk eller som kunne snakke samisk. Jeg vet ikke av en på min alder i kommunen som lærte å snakke samisk. Jeg hørte aldri at det ble snakket om at det ble gjort

fordi at de voksne var undertrykket og hundset med til å gjøre dette., Men Svein Lund som vokste opp på Østlandet på den tiden, vet selvsagt best....

En av de aller største forsømmelsene til den samfunnsfaglige delen ved UiT, er at de unnlot å gjennomføre en større spørreundersøkelse blant den befolkningen i Troms og i Finnmark som kunne snakke samisk, om hvorfor de unnlot å lære sine barn og barnebarn å snakke samisk. Hvordan begrunnet de sine avgjørelser overfor seg selv og andre?

Jeg har UiT mistenkt for å la være å gjøre dette fordi at dette ikke ville passet inn i den monolittiske fortellingen deres om at årsaken til fornorskningen av samene var skolepolitikken og byggingen av skoleinternatene. Hadde en slik større undersøkelse blitt gjennomført, hadde vi i dag hatt et godt empirisk materiale som fortalte oss om hva som var de psykologiske beveggrunnene til at de gjorde det valget som de gjorde. Nå er de som kunne ha blitt utspurt borte og kan ikke spørres. Ved denne forsømmelsen er derfor forklaringen til at etterkrigsgenerasjonen ikke lærte å snakke samisk i dette området, overlatt til spekulasjoner og vulgærpropagandaen. En vulgærpropaganda som blant andre Svein Lund har holdt på med i flere tiår.